

## Herøysund-skulen rasert , ungdom pågripen

10.08.2007



Vandalane har herja vilt i heile skulen. (Foto: Geir Remme, innsida.no)

**Natt til fredag vart skulen i Herøysund rasert for mange hundre tusen og den nye verksemdsleiaren MayLis Kaldestad seier til innsida.no fredag føremiddag at skulen er bortimot endevidt. Men det gjekk ikkje lenge før ein ungdom busett på staden vart pågripen. Då hadde tre lensmannsbetjentar arbeid i berre to timar med etterforskninga.**

Verksemdsleiaren karakteriserer det som har skjedd som rein vandalisme. Innbrotet den neste natta vart oppdaga klokka sju i fredag morgon av vaktmeisteren.

Gjerningsmannen har kome seg inn gjennom eit frå før øydelagt vindu. Han har så brote opp eit arkivskap på rektors kontor og stole nøklane til heile huset. Han har stole mange pc-ar og flatskjermar og hive inventar veggimellom. Det ser så skræmande og forferdeleg ut at det nesten ikkje kan beskrivast, sa Kaldestad i morgontimane.

Ho og dei andre ansatte må no konsentrera seg om opprydding i staden for å førebu skulestarten om vel ei veke på normal vis. Skulestarten er 20. august

Gjerningsmannen vart pågripen i bustaden sin i 11-tida. Han er i 20-åra, tilhøyrrer rusmiljøet i Kvinnherad og vart så seint som sist veke arrestert for andre brotsverk. Han har denne veka stole frå butikkar på Husnes. Politiet vurderer om mannen skal fengslast. Alt som var stole er kome til rette.